

Ål kommune
MØTEINNKALLING
Kommunestyret

Møtestad: Kommunestyresalen
Møtedato: 20.06.2007
Tid: 17:00

Forfall må meldast snøggast mogeleg til møtesekretær på telefon 32 08 50 00
Varamedlemer møter etter nærmare avtale.

SAKLISTE

Saksnr.	Arkivsaksnr.	Tittel
29/07	06/1562	REHABILITERING ÅL UNGDOMSSKULE. TILLEGGSLØYVING
30/07	07/524	UTBYGGINGSAVTALE MED ØVRE-ÅLSÅSEN UTVIKLING AS
31/07	06/353	PLAN FOR TRAFIKKTRYGGLEIK 2007-2011
32/07	07/642	REKNSKAP OG ÅRSMELDING ÅL KRAFTVERK KF 2006
33/07	07/645	REVIDERT BUDSJETT 2007 - ÅL KRAFTVERK
34/07	07/736	FELLESKJØKKEN HOL OG ÅL – ORGANISASJONSENDRING
35/07	07/801	STØTTE TIL ETABLERING AV SMÅDYRKLINIKK - VETERINÆRVAKTA I ØVRE HALLINGDAL A/S
36/07	07/902	Unntatt offentlig ofl §6 EIGARSKAP HALLINGKRAFT 2007
37/07	07/950	MELDINGAR OG ORIENTERINGSSAKER TIL KOMMUNESTYRET 20.06.07

Stad: Ål kommune 13.06.2007

Torleif T. Dalseide
ordførar (sign.)

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 29/07
Arkivsaksnr: 06/1562
Arkivkode: 614

Sakshandsamar: Kjell Kløve

Saksnummer	Utval	Møtedato
132/06	Formannskapet	27.11.2006
68/06	Kommunestyret	27.11.2006
77/07	Formannskapet	11.06.2007
29/07	Kommunestyret	20.06.2007

REHABILITERING ÅL UNGDOMSSKULE. TILLEGGSLØYVING

Saka vert avgjort av:

Ål Kommunestyre

Vedlegg:

- Byggelederrapport nr. 01, datert 15.05.07
- Notat vedr. ombygging frå rektor på ungdomsskulen, datert 05.06.07
- Samla saksframstilling k.sak 68/06, rehabilitering – Ål Ungdomsskule.

Dokument i saka:

Same som vedlegg

Saksopplysningar:

Rehabilitering av ungdomsskulen vart vedteke gjennomført i k.sak 68/06, innafor ei kostnadsramme på kr. 43.300.000. Ut frå innkomne anbudsprisar og utbyggingsomfang, var kostnaden rekna til ca 48.200.000.

Etter kommunestyrevedtaket vart det sett i gang ein nedskjeringsprosess for å koma ned på den ramma kommunestyret gav. I tillegg var det også ein del kostnader i anbudet som er dekkja opp gjennom vedteken utbygging av sentralvarmeanlegg for vassboren varme, samt at det vart bestemt at utskifting av taktekking skulle finansierast gjennom investeringsmidler for større bygningsvedlikehald. Det siste ut frå at det uavhengig av prosjektet ville vera naudsynt å legge om taket då brekkasje og laus takstein utgjorde ein stor fare, både for bygningen og, ikkje minst, for skuleungdom og andre som oppheld seg rundt bygget.

Vedlagt ligg rapport frå byggeleiar. Denne viser uforutsette kostnader som har blitt avdekka under den pågåande rehabiliteringa, og som langt overstiger det som var innrekna i kostnadsramma. I tillegg har byggekostnadsindeksen hatt ein svært stor auke som er rekna til ca 1 mill. kr. utover det som har vore normalt dei siste åra.

Førebuande arbeid i samband med midlertidige skulelokaler og drift, spesielt med tanke på vatn, avløp, straum og data, har og kosta oss dyrt i høve til anslaget. Her ligg det også påkommande

kostnader i forbindelse med oppussing/istandsetjing etter byggearbeidet og den mellombelse skuleløysinga.

Alle desse utgiftene skal dekkast under det som var avsett til uforutsett i kostnadsramma, dvs 5% av byggekostnaden.

Etter rapporten frå byggeleiar ligg det an til ei overskriding på ca. 2,6 mill kr.

+ oppussing/istandsetting

Vedlagt ligg og notat frå rektor ved ungdomsskula vedr. inventar/møbler, utsmykking og anna utstyr. Det viser seg at behovet her er mykje større enn det som er avsett i kostnadsramma. Noko av det er delar av den nedskjeringa som vart føreteke etter kommunestyret si behandling av kostnadsramma. Til saman er det ynskje om ca. 1,8 mill. kr. i tillegg til det som ligg inne i kostnadsramma, ca kr. 938.000

Forhold til overordna plan:

Ingen

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Det er behov/ynskje for ca 4,5 mill kr. i tilleggsfinansiering.

Vurdering:

Rapporten frå byggeleiar utløyser behov for ca 2,6 mill. kr. Han har og sett opp ei liste for ev. nye nedskjeringar for å fange opp dette. Imidlertid er prosjektet skjert ned frå før og dei føreslått tiltaka medfører at vi i så fall får ein lite funksjonell bygning som sjølvsagt ikkje er ynskjeleg når vi fyrst rehabiliterer i dette omfanget.

Det som har utløyst ekstrakostnaden har etter vårt skjønn ikkje vore enkelt å forutsjå. Gamle bygg viser seg å skjule mykje, og konstruksjonane i seg sjølv har ført til større omfang av flikking og reparasjonar som er heilt naudsynt, men som det er vanskeleg å ta høgde for på førehand.

Når saka var oppe til godkjenning vart det i saksutgreiinga gjort merksam på at uforutsett-posten var sett svært lågt, i dette tilfellet 5%, medan det normalt vert sett av 10% på nybygg og endå høgare på rehabiliteringar.

Førebuande arbeid var det og gjort merksam på ville bli meir kostbart enn det som var lagt til grunn. Som ein ser av rapporten har byggekostnadsindeksen hatt ei stor auke. Enkelte byggevarer har faktisk hatt 40% prisauke dei 4 fyrste månadene i år. Heldigvis er det totalindeksen som ligg til grunn for anbudsprisane.

Når det gjeld rapporten frå rektor inneheld den ein del ynskjer i tillegg til det reelle behovet, bl.a. utsmykking, samt nokre tiltak som vart fjerna når prosjektet vart skjert ned til den vedtekne ramma. Totalt utgjer dette kr.1.834.000. Ved å imøtekoma alle behov og ynskje får vi da fylgjande finansieringsbehov:

Naudsynte kostnader i samsvar med byggeleiar rapport	kr. 2.600.000
Oppussing/istandsetjing etter mellombels skuleordning	kr. 100.000
Behov og ynskjer frå rektor, jfr. Vedlagte notat	kr. 1.834.000

Til saman	kr. 4.534.000
-----------	---------------

Ser ein bort frå postane for utsmykking og radiatorer på loft som tidlegare er ein del av nedskjeringa som vart gjort, meiner rådmannen dei påviste kostnader er naudsynt for å få eit funksjonelt bygg for den framtidige drifta.

Det kunne sjølvsagt vore ynskjeleg at kostnadsramma som er vedteke ville halde.

At byggekostnadene meir eller mindre har løpt løpsk og at eldre byggverk byr på overraskande ekstrakostnader er likevel ikkje så lett å forutsjå.

Denne saka er i alle fall fremja i god tid før finansieringa er oppbrukt, sjølv om det sjølvsagt er vanskelg å stoppe eller endre ei utbygging som her kome så langt.

Rådmannen si innstilling:

Ål kommunestyre vedtek å auke kostnadsramma for rehabilitering av Ål ungdomsskule med kr. 4.234.000.

Kostnaden vert dekket ved løyving frå utbyggingsfondet.

Drift- og vedlikehaldsavdelinga, 06.06.2007

Trond Kleppen
Rådmann

Kjell Kløve
Teknisk sjef

Formannskapet handsama saka den 27.11.2006, saksnr. 132/06

Handsaming:

Rådmannen si innstilling med eit omforeint forslag om ei ramme på 43.3 mill kroner i pkt 1 og ein tilleggskostnad på 9 mill vart samrøystes tilrådd.

Følgjande nytt pkt 5 etter forslag frå ordførar vart òg samrøystes tilrådd:

Kommunestyret ber rådmannen undersøkje nærare kva som er årsaka og kven som har ansvaret for dei store sprika mellom forprosjekt og endeleg prosjektkostnad.

Formannskapet sitt framlegg:

1. Ål kommunestyre vedtek at ombygging/restaurering av Ål ungdomsskule vert gjennomført innafor ei ny kostnadsramme på kr 43.300.000.
2. Prosjektgruppa får fullmakt til å omdisponere midlar innafor kostnadsramma, ev. med endringar i bygningsmassen eller materialbruken, slik at andre underbudsjetterte postar vert dekket innafor ramma.
3. Administrasjonen vert gitt fullmakt til å forhandle og inngå kontrakt med dei anbydarane som totalt sett gir det mest fordelaktige resultatet.
4. Tilleggskostnaden på 9 mill kroner skal dekkast frå utbyggingsfondet.
5. Kommunestyret ber rådmannen undersøkje nærare kva som er årsaka og kven som har ansvaret for dei store sprika mellom forprosjekt og endeleg prosjektkostnad.

Kommunestyret handsama saka den 27.11.2006, saksnr. 68/06

Vedtak:

1. Ål kommunestyre vedtek at ombygging/restaurering av Ål ungdomsskule vert gjennomført innafør ei ny kostnadsramme på kr 43.300.000.
2. Prosjektgruppa får fullmakt til å omdisponere midlar innafør kostnadsramma, ev. med endringar i bygningsmassen eller materialbruken, slik at andre underbudsjetterte postar vert dekkja innafør ramma.
3. Administrasjonen vert gitt fullmakt til å forhandle og inngå kontrakt med dei anbydarane som totalt sett gir det mest fordelaktige resultatet.
4. Tillegskostnaden på 9 mill kroner skal dekkast frå utbyggingsfondet.
5. Kommunestyret ber rådmannen undersøkje nærare kva som er årsaka og kven som har ansvaret for dei store sprika mellom forprosjekt og endeleg prosjektkostnad. Eit notat om dette skal leggast fram for kommunestyret som melding.

Formannskapet handsama saka den 11.06.2007, saksnr. 77/07

Handsaming:

Ivar Brevik fremma forslag om å auke løyvinga til 4.534.000 kroner.

Forslaget fekk 3 røyster (1Sp+1SV+1A), medan rådmannen si innstilling fekk 3 røyster (1V+1H+1Krf). Det er derfor ingen fleirtalsinnstilling, og rådmannen si innstilling går til kommunestyre som innstilling.

Rådmannen si innstilling:

Ål kommunestyre vedtek å auke kostnadsramma for rehabilitering av Ål ungdomsskule med kr. 4.234.000.

Kostnaden vert dekkja ved løyving frå utbyggingsfondet.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 30/07
Arkivsaksnr: 07/524
Arkivkode: L10

Sakshandsamar: Reidun Aaker

Saksnummer	Utval	Møtedato
37/07	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	24.04.2007
53/07	Formannskapet	07.05.2007
58/07	Formannskapet	21.05.2007
68/07	Formannskapet	11.06.2007
30/07	Kommunestyret	20.06.2007

UTBYGGINGSAVTALE MED ØVRE-ÅLSÅSEN UTVIKLING AS

Saka vert avgjort av:
 Ål kommunestyre

Vedlegg:

1. Framlegg til utbyggingsavtale med Øvre-Ålsåsen utvikling as
2. Vedtekne retningsliner for bruk av utbyggingsavtaler i Ål kommune
3. Utdrag av rapport frå forstudiet "Sundre avløpsrenseanlegg, utviding og oppgradering" 21.5.07

Dokument i saka:

K-sak 20/07: Eigengodkjenning av flatereguleringsplan for Øvre-Ålsåsen
 K-sak 45/06: Prinsipp for bruk av utbyggingsavtaler i Ål kommune

Saksopplysningar:

Kommunestyret vedtok i sak 45/06 retningsliner for bruk av utbyggingsavtaler etter § 64 i plan- og bygningslova. I sak 20/07 eigengodkjente kommunestyret flatereguleringsplan for Øvre-Ålsåsen. Planføresegnene inneheld følgjande rekkefølgjeregulering i føresegnene pkt 1.4.7: *Før det kan gis tillatelse til tiltak i samsvar med planen skal det foreligge utbyggingsavtale med Ål kommune og utbygger.*

Forhandlingar har pågått ei tid utan at det er kome til semje om følgjande spørsmål:

- a. Kven skal betale for utbygginga sin del av naudsynt kapasitetsutbygging på Ål renseanlegg? Utbyggjar eller hyttekjøpar etter kvart som dei koplar seg til?
- b. Tidspunkt for betaling av utbygginga sin del av naudsynt kapasitetsutbygging på Ål renseanlegg? På førehand eller tilstrekkeleg at utbyggjar stiller bankgaranti på førehand eller skal kommunen legge ut på ubestemt tid og fyrst få inn desse utgiftene etter kvart som hytter vert bygd og koplar seg til?
- c. Kven sitt ansvar er det å framforhandle avtaler med grunneigarar om sikring av tilgrensande skiløpetrasear? Utbyggjar eller Ål kommune?

Utbyggjar sine ynskje strir med dei retningslinene kommunestyret har vedteke. Rådmannen treng difor politiske signal på korleis forhandlingane skal slutførast. Skal det dispenserast frå vedtekne retningsliner på nokre av punkta over eller ynskjer kommunestyret å halde fast på dei prinsippa som vart vedtekne i sak 45/06?

Vedlegg 1 syner utkast til utbyggingsavtale der dei punkta utbyggjars ynskje strir med vedtekne prinsipp er markert i *kursiv*.

Vedlegg 2 er dei retningslinene kommunestyret vedtok skal gjelde for utbyggingsavtaler mellom anna med utbyggjarar innanfor vedteken kommunedelplan for Primhovda.

Forhold til overordna plan:

Godkjent reguleringsplan er i samsvar med vedteken kommunedelplan for Primhovda. I vedteken kommuneplan for Ål 2007-2018 er det presisert at utbyggjar skal bidra til drift av stig- og løypenett og at utbyggingsavtaler skal nyttast for å avklare ansvars- og kostnadsdeling mellom Ål kommune og utbyggjar.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ikkje vurdert.

Økonomiske konsekvensar:

Utbyggjarane har investert mykje i planlegging og i bygging av intern infrastruktur. Til no er truleg om lag 10-15 hyttetomter solgt. Utbyggjar meiner difor det vert eit altfor stort økonomisk løft for dei å oppfylle kravet om å betale anleggstilskot på førehand viss det vert aktuelt med tilkopling til kommunalt kloakkanlegg. Utbyggjar ynskjer ei ordning der dei som kjøper tomtene/bygger hyttene må betale sin del av kostnadane for naudsynt utbetring/kapasitetsutbygging av Ål renseanlegg fyrst ved tilkopling. Dette er ikkje i samsvar med vedtekne retningsliner som føreset at utbyggjar stiller bankgaranti og betalar inn delar av desse kostnadane før tilkoplinga skjer for å sikre at ikkje kommunen/dei andre abonnentane må subsidiere desse utgiftene i ukjent tal år.

Spørsmålet om evt økonomisk kompensasjon til grunneigarane for oppkøyring av eit hovudskiløypenett må avklarast. I vedtekne retningsliner for bruk av utbyggingsavtaler i Ål kommune er det føreset at dette er utbyggjar av store nye hyttefelt sitt ansvar. Utbyggjarane på Øvre-Ålsåsen meiner dette er urimeleg og meiner dei ikkje har økonomisk eller anna handlingsrom til å ta dette ansvaret. Ål kommune underskreiv avtaler med dei fleste grunneigarlaga i Ål om oppkøyring av hovudløypenettet for fleire år sidan, men avtaler for Hevjansåsen manglar. Ingen av dei eksisterande avtalene omfattar økonomisk kompensasjon til grunneigar.

NYE SAKSOPPLYSNINGAR KOSTNAD KLOAKK:

Rapporten ”Sundre avløpsrenseanlegg, utviding og oppgradering” syner:

- Ål renseanlegg var dimensjonert for 3 410 pe (personekvivalentar, dvs kloakkmengda som tilsvarar 3410 personar) og pr no er 3450 pe tilknytt anlegget. Utviding og oppgradering er difor naudsynt.
- Det er kostnadsrekna 3 ulike alternativ for utviding:
 - Alt 1: Sundre 5000 pe (3400 eksisterande og 1600 nye)+ Kleivi 700 pe til ein total kostnad på vel 29 mill kr
 - Alt 2: som alt 1 pluss Primhovda (2 691 pe for alt innan Primhovdaplanen som er aktuelt å kloakkere mot Sundre) til ein total kostnad på om lag 35 mill kr
 - Alt 3: i tillegg 2017 pe overført frå Votndalen til ein total kostnad på om lag 35,8 mill kr

Rådmannen går inn for at me byggjer ut Ål renseanlegg etter alternativ 3 fordi det er billigast pr pe og gir naudsynt reservekapasitet fram til år 2030. Kostnaden ved utbygging etter alternativ 3 gir ein pris pr pe på kr 3 412. Dette utgjer til saman kr 9.2 mill kr for alle 2691 pe for heile utbygginga av Primhovda som kan kloakkerast mot Sundre. Fyrste byggesteg dvs utbygging av områda H4 og H5 i Primhovda utgjer vel 800 pe som tilsvarar ein kostnad på 2.7 mill kr. For Øvre-Ålsåsen utvikling as vil ein bankgaranti koste om lag 1% i året (dvs kr 27 000 i året for H4 og H5) og for Ål kommune vil ei eventuell forskottering (slik fleirtalsframlegget frå STNR 20.4.07 føreset) koste om lag 5 % i året (dvs kr 136 500 pr år for områda hytteområda H4 og H5). I tillegg må Ål kommune dekke rentekostnad av resterande 6.5 mill kr (kostnad ved å utvide Ål renseanlegg for på kunne ta i mot framtidig utbygging i Primhovda utover felta H4 og H5) med kr 325 000 årleg.

Vurdering:

Saka reiser viktige prinsipielle spørsmål. Rådmannen har framforhandla prinsipp for utbyggingsavtale med anna utbyggjarar (Hallingdal hytteservice), etter at kommunestyret handsama saka, som oppfyller vedtekne retningslinjer. Utbyggjarane i Øvre-Ålsåsen Utvikling as signaliserer derimot at dei ikkje ser seg i stand til å oppfylle slike økonomiske forpliktingar.

Ål kommunestyre har etter rådmannen si vurdering følgjande alternativ når det gjeld spørsmålet kostnadsdeling for naudsynt kapasitetsutbygging av Ål renseanlegg:

1. Gjera eit unnatak for denne utbygginga og løyve ein sum til forskottering av utgifter til naudsynt kapasitetsutbygging av Ål renseanlegg. Utlegget vert fyrst attendebetalt når alle godkjente hytter er bygt og tilkopl. Ingen veit kor lenge dette vil ta.
2. Få til ei mellomløyning der Ål kommune løyver midlar til å forskottere naudsynt kapasitetsutbygging av Ål renseanlegg for ein tidsavgrensa periode på t.d. 5 år. Me må forvente at likviditetsstoda for utbyggjar har betra seg då viss dei får solgt tilstrekkeleg tal tomter i løpet av dei neste 5 åra. Utbyggjar bør likevel stille bankgaranti frå dag ein.
3. Halde på vedtekne prinsipp for bruk av utbyggingsavtaler og forlange at utbyggjar stiller bankgaranti for sin del av kostnad med naudsynt kapasitetsutbygging av Ål renseanlegg og betalar inn anleggstilskot frå det tidspunkt Ål kommune startar å byggje ut renseanlegget.

Når det gjeld spørsmålet om utbyggjars deltaking med å dekke rentekostnadar for utbetringa av Øvre-Ålsvegen tilrår rådmannen at utbyggjar skal dekke rentekostnad for åra 2012-2016 med maksimalt kr 15 000 pr år viss ikkje Statens vegvesen alt har attendebetalt Ål kommune si forskottering av arbeidet.

Når det gjeld spørsmålet om ansvar for å inngå avtaler om bruk/vedlikehald av omliggande løypenett er rådmannen skeptisk til at kommunen skal inngå desse avtalene då det er presisert i vedteken kommuneplan for Ål i kapittel 3.7 "I Ål vil me ha romslege, familievenlege hytteområde og turistverksemdar godt tilpassa natur og landskap",

difor skal Ål kommune: 1. *Prioritere område med samarbeidsavtaler mellom grunneigarar som naturleg høyrer saman i eit område før eit nytt område vert avsett til utbygging eller eit hytteområde vert fortetta. Dette skal sikre finansiering og utvikling av godt utbygd infrastruktur og andre fellesgode, fordeling av goder og kostnadar, god terrengtilpassing og etablering og vedlikehald av stig- og løypenettet.*

Og 10. *Gi årleg tilskot til drift av stig- og løypenettet under føresetnad av at reiselivsnæringa, utbyggjarar, grunneigarlag, løypelag og hyttevel bidreg.*

Utbyggjarane på Øvre-Ålsåsen er sjølvstekt ikkje forplikta til at eksisterande løypenett vert oppretthalde eller utvida. Får dei ikkje forhandla fram avtaler vil tilgrensande løypenett måtte

tilpassast kva som er mogleg å få til. Ål kommune kan i så fall seinare freiste å forhandle om desse løypene samstundes som det skal reforhandlast avtaler med andre løypenemnder i Ål.

Rådmannen si innstilling:

Ål kommunestyre godkjenner framlegg til utbyggingsavtale med Øvre-Ålsåsen utvikling as med følgjande presisering:

1. At utbyggjar Øvre-Ålsåsen utvikling as innan 1. mai 2012 betaler inn sin del av kostnadane ved naudsynt kapasitetsutviding av Ål renseanlegg viss ikkje Øvre-Ålsåsen as velgjer å bygge og drive eige privat renseanlegg for området og får eit slikt anlegg godkjent. Bankgaranti frå utbyggjar må føreligge frå den dagen Ål kommune set i gang utbygginga av Ål renseanlegg.
2. Øvre-Ålsåsen utvikling as skal betale delar av rentekostnadar for utbetringa av Øvre-Ålsvegen for åra 2012-2016 med maksimalt kr 15 000 pr år viss ikkje Statens vegvesen alt har attendebetalt Ål kommune si forskottering av arbeidet.
3. Øvre-Ålsåsen utvikling as er ansvarleg for å inngå avtaler om bruk/vedlikehald av tilgrensande løypenett innanfor Øvre-Ål og Kvinnegardslia løypenemnd.

Utviklingsavdelinga, 12.6.2007

Trond Kleppen
rådmann

Reidun Aaker
avdelingsleiar

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs handsama saka den 24.04.2007, saksnr. 37/07

Handsaming:

Knut Haug gjekk frå som ugild under handsaminga. I hans stad møtte Harald Medgard. Magny Folkedal var møteleiar.

Følgjande framlegg frå Eilif Gundersen (V) til justert ordlyd pkt 1 vart tilrådd med 6 røyster (H, Ap, 2 V, Frp og 1 SP) mot 1 røyst (SP):

...as innan 5 år etter den dagen Ål kommune set i gang utbygging av Ål renseanlegg betalar..... Rentekostnaden vert føreset dekt som eit tilskot frå næringsfondet.

Rådmannens framlegg til pkt 2 vart tilrådd med 6 (H, Ap, 2 V, Frp og 1 SP) mot 1 røyst (SP).

Følgjande framlegg frå Eilif Gundersen (V) til justert ordlyd pkt 3 vart vedteke med 6 mot ei røyst (1SP):

.. avtaler om sambindingsløyper til tilgrensande...

Følgjande framlegg til tillegg i pkt 3 frå Tor Veslegard (FrP) vart tilrådd med 6 (H, Ap, 2 V, Frp og 1 SP) mot 1 røyst (1 SP):

Får dei ikkje forhandla fram avtaler, vil tilgrensande løypenett måtte tilpassast kva som er mogleg å få til. Ål kommune kan i så fall seinare freiste å forhandle om desse løypene samstundes som det skal reforhandlast avtaler med andre løypenemnder i Ål.

Mindretalet på 1 (SP) røysta for følgjande framlegg til ny ordlyd pkt 1,2 og 3 frå Olav Lappegard (SP):
Ål kommune er ei næringsvenleg kommune og gjer følgjande vedtak:

1. Kostnadane ved kapasitetsutviding av Ål renseanlegg som tilfell Øvre-Ålsåsen Utvikling, heretter kalt ØÅU, vert løyst ved at ØÅU kontraktfestar ein heftelse i skøyte til kvar tomteskjøpar på anleggstilskot og tilkoblingsavgift.
2. Rentekostnaden ved forskotering av Øvre-Ålsvegen frå 2012-2016 ca kr 60 000 er småpeng å rekne stt i forhold til skatteinngangen Ål kommune får. Ved sal av 1 tomt kan skatten dekkja rentekostnadane til 3 vegutbyggingar. Ål kommune fråfell difor kravet på å få dekt inn denne rentekostnaden.
3. ØÅU er ansvarleg for å inngå avtale om bruk og vedlikehald av løypenett i ØÅU sitt område etter mal frå Ål kommune. Ål kommune inngår avtaler med område som i dag ikkje har avtaler. Dette for at alle grunneigarlag har same part å forhalde seg til ved inngåing og revidering av løypeavtaler.

Vedtak:

Ål kommunestyre godkjenner framlegg til utbyggingsavtale med Øvre-Ålsåsen utvikling as med følgjande presisering:

1. At utbyggjar Øvre-Ålsåsen utvikling as innan 5 år etter den dagen Ål kommune set i gang utbygging av Ål renseanlegg betaler inn sin del av kostnadane ved naudsynt kapasitetsutviding av Ål renseanlegg viss ikkje Øvre-Ålsåsen as velgjer å bygge og drive eige privat renseanlegg for området og får eit slikt anlegg godkjent. Bankgaranti frå utbyggjar må føreligge frå den dagen Ål kommune set i gang utbygginga av Ål renseanlegg. Rentekostnaden vert føreset dekt som eit tilskot frå næringsfondet.
2. Øvre-Ålsåsen utvikling as skal betale delar av rentekostnadar for utbetringa av Øvre-Ålsvegen for åra 2012-2016 med maksimalt kr 15 000 pr år viss ikkje Statens vegvesen alt har attendebetalt Ål kommune si forskotering av arbeidet.
3. Øvre-Ålsåsen utvikling as er ansvarleg for å inngå avtaler om sambindingsløyper til tilgrensande løypenett innanfor Øvre-Ål og Kvinnegardslia løypenemnd. Får dei ikkje forhandla fram avtaler, vil tilgrensande løypenett måtte tilpassast kva som er mogleg å få til. Ål kommune kan i så fall seinare freiste å forhandle om desse løypene samstundes som det skal reforhandlast avtaler med andre løypenemnder i Ål.

Formannskapet handsama saka den 07.05.2007, saksnr. 53/07

Handsaming:

Ordførar fremma forslag om å utsette saka til neste møte, i påvente av kostnadsoverslag for utbygginga av Ål Renseanlegg. Utsettingsframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Saka vert utsett.

Formannskapet handsama saka den 21.05.2007, saksnr. 58/07

Handsaming:

Saka vert utsett til 11. juni.

Vedtak:

Saka vert utsett til 11.juni.

Formannskapet handsama saka den 11.06.2007, saksnr. 68/07

Handsaming:

Kjell Arne haavaldsen fremma pkt 3 under vurdering i saksutgreiinga som alternativ til innstillinga: *3. Halde på vedtekne prinisipp for bruk av utbyggingsavtaler og forlange at utbyggjar stiller bankgaranti for sin del av kostnad med naudsynt kapasitetsutbygging av Ål renseanlegg og betalar inn anleggstilskot frå det tidspunkt Ål kommune startar å byggje ut renseanlegget.*

Dette fekk 3 røyster (1SV+1V+1A) og 3 røyster (1H+1Krf+1Sp) vart gitt for innstillinga frå STNR med følgjande forslag til endringar:

- Ål kommunestyre *dispenserar frå retningslinene* og godkjenner.....(samr)
- Pkt 3 stryke dei to siste setningane. (4 røyster, 1V+1A+1SV+1Krf)
- Pkt 3sambindingsløype *frå utbyggingsområdet H4 + H5* til tilgrensande...(samr)

Følgjande alternativt pkt 2 frå I.Brevik fekk ikkje fleirtal (3røyster, 1Sp+1Krf+1H):

Ål kommune fråfell kravet om rentebelastning for utbetring av Ø.Ålsvegen.

3 (1V+1Sv+1A) røysta for pkt 2 i innstillinga frå STNR.

Formannskapet si innstilling:

Ål kommunestyre dispenserar frå retningslinene for utbyggingsavtaler og godkjenner framlegg til utbyggingsavtale med Øvre-Ålsåsen utvikling as med følgjande presisering:

1. At utbyggjar Øvre-Ålsåsen utvikling as innan 1. mai 2012 betaler inn sin del av kostnadane ved naudsynt kapasitetsutviding av Ål renseanlegg viss ikkje Øvre-Ålsåsen as velgjer å bygge og drive eige privat renseanlegg for området og får eit slikt anlegg godkjent. Bankgaranti frå utbyggjar må føreligge frå den dagen Ål kommune set i gang utbygginga av Ål renseanlegg. Rentekostnaden vert føreset dekt som eit tilskot frå næringsfondet.
2. Øvre-Ålsåsen utvikling as skal betale delar av rentekostnadar for utbetringa av Øvre-Ålsvegen for åra 2012-2016 med maksimalt kr 15 000 pr år viss ikkje Statens vegvesen alt har attendebetalt Ål kommune si forskottering av arbeidet.
3. Øvre-Ålsåsen utvikling as er ansvarleg for å inngå avtaler om sambindingsløype frå utbyggingsområdet til tilgrensande løypenett innanfor Øvre-Ål og Kvinnegardslia løypenemnd.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 31/07
Arkivsaksnr: 06/353
Arkivkode: Q80

Sakshandsamar: Reidun Aaker

Saksnummer	Utval	Møtedato
25/07	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	20.03.2007
13/07	Sektorutval for oppvekst	22.05.2007
45/07	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	22.05.2007
67/07	Formannskapet	11.06.2007
31/07	Kommunestyret	20.06.2007

PLAN FOR TRAFIKKTRYGGLEIK 2007-2011

Saka vert avgjort av:
Ål kommunestyre

Vedlegg:

1. Framlegg til Plan for trafikktryggleik for Ål 2007-2011
2. Samandrag av innspel til planarbeidet og innkomne høyringsfråsegn
3. Dokumentliste

Dokument i saka:
Jf dokumentliste

Saksopplysningar:

Plan for trafikktryggleik for Ål skal reviderast for andre gong. Sektorutval for teknisk, næring og ressurs (STNR) sendte ut revidert planframlegg på høyring 20.3.07. Planframlegget har vore ute til offentleg høyring i perioden 21.3-1.5.07. Det er i alt kome inn 7 høyringsfråsegn i tillegg til dei 27 innspela som kom etter at planarbeidet var varsla starta.

Rådmannen tilrår å ta inn nokre nye tiltak i tiltakslistene (merka med utheva skrift) i vedlagte planframlegg datert 8.5.07.

Årleg budsjett avgjer kor mange av tiltaka som kan gjennomførast kvart år.

Forhold til overordna plan:

Vedteken kommuneplan for Ål 2006-2018 har følgjande målsetjingar i høve til trafikktryggleik:

- 1.1.2 Seta av midlar i perioden til å utvikle Sindre som tett, lett tilgjengeleg og trygt sentrum med grøntområde og trivelege møtestader

- 3.1.9 Arbeide for stadig å forbetre kollektive transporttilbod, samt høve til å gå eller sykle mellom daglege gjeremål.
- 3.1.11 Sjø til at bustadområde vert planlagt og bygd med minst mogeleg biltrafikk, gode leikeareal for born og eit nettverk av tur-, sykkel- og gangstigar. Desse skal integrerast i ein heilheitleg kommunal infrastruktur.
- 3.3.6 Leggje til rette for trygg ferdsel mellom heim, skule og fritidsaktivitetar ved vidare utbygging av køyreveggar, kryssingar, gangveggar og gangstigar.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Trafikktryggleik er ein del av arbeidet for å førebyggje og minke skadar som følgje av trafikkulukker. Innsats for å minke bruk av bil vil slå positivt ut både i høve til ureining, folkehelse og tryggleik.

Økonomiske konsekvensar:

Samla sum avsett i økonomiplanperioden er om lag 8.8 mill kr. Pr i dag har me ståande kr.3 800 000 til disposisjon i 2007. Ål kommunestyre har i økonomiplanen for 2007-2010 sett av følgjande summer til trafikktryggleik:

2008: kr 2 000 000, 2009: kr1 000 000 og 2010 kr 2 000 000. Ynskje om utbygging av gang/sykkelveggar overskrider dei midlane som kommunestyret førebels har sett av. Alle kostnadsoverslag i planen er førebels. Kor mykje som vert set av kvart år til trafikktryggleik og kor mykje Ål kommune får i tilskot til trafikktryggleikstiltak kvart år avgjer kor mange av tiltaka som kan fgjennomførast. Tiltaka er føreset gjennomført i den rekkjefølgje dei er prioritert i planframlegget.

Vurdering:

Mengda av innspel som er kome inn etter varsel om oppstart av planarbeidet syner at dette er eit tema som engasjerer mange. Mange skuleungar i Ål manglar framleis trygg skuleveg då fleire strekningar langs smal og trafikkert veg ikkje har gang/sykkelveg. Det er vanskeleg å prioritere dei ulike strekningane opp mot kvarandre. Planframlegget har teke utgangspunkt i dei midlar som no er avsett til føremålet og mange tiltak er difor føreslått utsett til etter denne økonomiplanperioden.

Rådmannen tilrår å ta inn nokre nye tiltak i tiltakslistene (merka med utheva skrift) i vedlagte planframlegg datert 8.5.07 med bakgrunn i mottekne høyringsfråsegn.

Rådmannen si innstilling:

1. Ål kommunestyre vedtek revidert plan for trafikktryggleik for Ål for perioden 2007-2011, datert 8.5.07.
2. Budsjetthandsaminga kvart år avgjer kor mange av dei prioriterte tiltak som let seg gjennomføre kvart år.
3. Tiltaka som Ål kommune skal gjennomføre åleine er føreset gjennomført i den rekkjefølgje dei er prioriterte i planframlegget.
4. Kommunestyret ber skular og barnehagar følgje opp planens informasjonstiltak årleg.
5. Planen skal reviderast i 2010.

Utviklingsavdelinga, 09.05.2007

Trond Kleppen
rådmann

Reidun Aaker
avdelingsleiar

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs handsama saka den 20.03.2007, saksnr. 25/07

Handsaming:

Tor Veslegard stilte spørsmål ved sin habilitet.
STNR vedtok samrøystes at Veslegard var habil.

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke med følgjande tillegg:
Autovern langs delar av rv 7 i Breie der det er bratt ut mot Strandafjorden inn i tiltakslista.
Autovern Brattebakken-Gamlevegen skal inn på tiltakslista
Tidsplan for gangveg heile strekninga Hago-Sando skule vert sett til 2008-2010.

Vedtak:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs godkjenner høyringsframlegg til revidert plan for trafikktryggleik i Ål med følgjande endringar/tillegg:
a. Autovern langs delar av rv 7 i Breie der det er bratt ut mot Strandafjorden inn i tiltakslista.
b. Autovern Brattebakken-Gamlevegen skal inn på tiltakslista
c. Tidsplan for gangveg heile strekninga Hago-Sando skule vert sett til 2008-2010.

Når endringane i pkt a-c er lagt inn i framlegget til plan for trafikktryggleik i Ål for perioden 2007-2011 vert planframlegget, i samsvar med plan- og bygningslovas § 27.1., lagt ut til offentleg høyring med høyringsfrist 1.mai i år

Sektorutval for oppvekst handsama saka den 22.05.2007, saksnr. 13/07

Handsaming:

Tor Veslegard gjekk frå som ugild. I hans stad møtte Sverre L. Mostue.

Følgjande framlegg frå Eilif Gundersen (V) :
30 km og opphøgd gangfelt ved Ål kyrkje vart samrøystes tilrådd som prioritet nr 1.

Følgjande framlegg frå Knut Einar Haug (H) vart tilrådd med 7 (2H, 2 Frp, 1 SP, 1 Kr og 1 AP) røyster:

Tiltaket flytte gangveg innanfor P-areal på strekninga Sundrevegen vest for postkontoret og omgjerjing av parkeringsmønsteret på Torget vert nedprioritert til uprioritert.

Mindretalet på 6 (3 V, 1 AP, 1 SV, 1 SP) røysta for følgjande framlegg frå Magny Folkedal (SP):
Tiltaket flytte gangveg innanfor P-areal på strekninga Sundrevegen vest for postkontoret og omgjerjing av parkeringsmønsteret på Torget vert nedprioritert til prioritet nr 2.

Følgjande framlegg frå Eilif Gundersen (V) vart samrøystes tilrådd:
Ta inn skilting av sykkelrute Breievegen som fyrste prioritet.

Følgjande omforeinte framlegg vart samrøystes tilrådd:
Prioriter gangveg på strekninga Gullhagabrue-Gullhagasvingen (fylkesveg) som prioritet 1.

Prioriter gangveg på strekninga Hago-Gullhagabrue som prioritet 2.
Prioriter gangveg på strekninga Gullhagasvingen-Sando som prioritet 3.
Gangveg på strekninga Feten-Leveld kyrkje får prioritet nr 3

Følgjande framlegg frå Sverre L. Mostue (FrP) vart samrøystes tilrådd.
Ta inn nytt tiltak vegrekkverk Tjøndalsvegen (om lag 35 m) hjå Per Ove og Helga Sørensen som prioritet 1.

Følgjande framlegg frå ordføraren vart samrøystes tilrådd:
Alle tiltak som gjeld fylkes- og riksveg må i tillegg stå på lista i kap 3.2 ” tiltak som kommunen ynskjer stat, fylke eller andre etatar skal gjennomføre”.
Gjer om teksten for Vangenkrysset til utbetring av krysset.

Følgjande framlegg frå John Storhaug (V) vart samrøystes tilrådd.
Ta inn ordlyden frå sektorplan for oppvekst når det gjeld samanbinding av skuleområdet ved Nedre-Ål og nærmiljøet og når det gjeld standard på nye gangvegar/gangstigar.

Følgjande framlegg frå Eilif Gundersen (V):
Få inn ferskare ulukkesstatistikk, få inn kart evt fjerne henvising til kart.

Følgjande framlegg frå Per Ove Nybråthen (SV) fekk 2 røyster (Sv, AP):
Ta opp med Statens vegvesen om det er mogleg å få senka fartsgrensa til 70 km/t på riksvegen forbi Ål frå Liagardskrysset og forbi Vangen med grunnngjeving trafikktryggleik og støyavgrensing.

Fleirtalet på 11 røysta mot å ta inn dette punktet.

Framlegg:

1. Ål kommunestyre vedtek revidert plan for trafikktryggleik for Ål for perioden 2007-2011, datert 22.5.07 med rettingar gjort i fellesmøte mellom sektorutval for oppvekst og sektorutval for teknisk, næring og ressurs.
2. Budsjetthandsaminga kvart år avgjer kor mange av dei prioriterte tiltak som let seg gjennomføre kvart år.
3. Tiltaka som Ål kommune skal gjennomføre åleine er føreset gjennomført i den rekkjefølgje dei er prioriterte i planframlegget.
4. Kommunestyret ber skular og barnehagar følgje opp planens informasjonstiltak årleg.
5. Planen skal reviderast i 2010.

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs handsama saka den 22.05.2007, saksnr. 45/07

Handsaming:

Tor Veslegard gjekk frå som ugild. I hans stad møtte Sverre L. Mostue.

Følgjande framlegg frå Eilif Gundersen (V) :
30 km og opphøgd gangfelt ved Ål kyrkje vart samrøystes tilrådd som prioritet nr 1.

- - - -
Følgjande framlegg frå Knut Einar Haug (H) vart tilrådd med 7 (2H, 2 Frp, 1 SP, 1 Kr og 1 AP) røyster:

Tiltaket flytte gangveg innanfor P-areal på strekninga Sundrevegen vest for postkontoret og omgjering av parkeringsmønsteret på Torget vert nedprioritert til uprioritert.

Mindretalet på 6 (3 V, 1 AP, 1 SV, 1 SP) røysta for følgjande framlegg frå Magny Folkedal (SP):
Tiltaket flytte gangveg innanfor P-areal på strekninga Sundrevegen vest for postkontoret og omgjering av parkeringsmønsteret på Torget vert nedprioritert til prioritet nr 2.

Følgjande framlegg frå Eilif Gundersen (V) vart samrøystes tilrådd:
Ta inn skilting av sykkelrute Breievegen som fyrste prioritet.

Følgjande omforeinte framlegg vart samrøystes tilrådd:
Prioriter gangveg på strekninga Gullhagabrue-Gullhagasvingen (fylkesveg) som prioritet 1.
Prioriter gangveg på strekninga Hago-Gullhagabrue som prioritet 2.
Prioriter gangveg på strekninga Gullhagasvingen-Sando som prioritet 3.
Gangveg på strekninga Feten-Leveld kyrkje får prioritet nr 3

Følgjande framlegg frå Sverre L. Mostue (FrP) vart samrøystes tilrådd.
Ta inn nytt tiltak vegrekkverk Tjøndalsvegen (om lag 35 m) hjå Per Ove og Helga Sørensen som prioritet 1.

Følgjande framlegg frå ordføraren vart samrøystes tilrådd:
Alle tiltak som gjeld fylkes- og riksveg må i tillegg stå på lista i kap 3.2 ” tiltak som kommunen ynskjer stat, fylke eller andre etatar skal gjennomføre”.
Gjer om teksten for Vangenkrysset til utbetring av krysset.

Følgjande framlegg frå John Storhaug (V) vart samrøystes tilrådd.
Ta inn ordlyden frå sektorplan for oppvekst når det gjeld samanbinding av skuleområdet ved Nedre-Ål og nærmiljøet og når det gjeld standard på nye gangvegar/gangstigar.

Følgjande framlegg frå Eilif Gundersen (V):
Få inn ferskare ulukkesstatistikk, få inn kart evt fjerne henvising til kart.

Følgjande framlegg frå Per Ove Nybråthen (SV) fekk 2 røyster (Sv, AP):
Ta opp med Statens vegvesen om det er mogleg å få senka fartsgrensa til 70 km/t på riksvegen forbi Ål frå Liagardskrysset og forbi Vangen med grunngeving trafikktryggleik og støyavgrensing.

Fleirtalet på 11 røysta mot å ta inn dette punktet.

Framlegg:

1. Ål kommunestyre vedtek revidert plan for trafikktryggleik for Ål for perioden 2007-2011, datert 22.5.07 med rettingar gjort i fellesmøte mellom sektorutval for oppvekst og sektorutval for teknisk, næring og ressurs.
2. Budsjetthandsaminga kvart år avgjer kor mange av dei prioriterte tiltak som let seg gjennomføre kvart år.
3. Tiltaka som Ål kommune skal gjennomføre åleine er føreset gjennomført i den rekkjefølgje dei er prioriterte i planframlegget.
4. Kommunestyret ber skular og barnehagar følgje opp planens informasjonstiltak årleg.
5. Planen skal reviderast i 2010.

Formannskapet handsama saka den 11.06.2007, saksnr. 67/07

Handsaming:

Kjell Arne Haavaldsen gikk frå som inhabil, og det var 5 repr. som handsama denne saka.

Rettingar :

Pkt 3.3 nr 14 utgår frå denne lista, og nr 16 skal endrast til Sundrevegen frå Solhov – Vangen.

Alle beløp må kvalitetsikrast eller takast ut.

Pkt 3.1 nr 12 tilrås med 3 røyster (etter framlegg frå ordførar) delt i to punkt :

Hago – Nedre Ulshagaveg med prior 2

Nedre Ulshagaveg – Gullhagabrua med prior. 4

Pkt 15 blir da flytta eit hakk ned med prior. 5

2 røysta for å behalde dette som eitt punkt (1Sp + 1Krf).

Røysting over dissensane frå sektorutvala:

Fleirtalsframlegget (KE Haug) frå sektorutvala kring P-areal på Sundre vart tilrådd med 3 røyster (1Sp + 1H + 1Krf), medan mindretalsframlegget (Folkedal) fekk 2 røyster (1V +1A)

Mindretalsframlegget (Nybråten) om 70 km/t fartsgrense forbi Ål fekk 1 røyst (1A), medan 4 røysta i mot dette forslaget. Ellers var alle tilrådingar samrøystes.

Formannskapet si innstilling:

1. Ål kommunestyre vedtek revidert plan for trafikktryggleik for Ål for perioden 2007-2011, datert 22.5.07 med rettingar gjort i fellesmøte mellom sektorutval for oppvekst og sektorutval for teknisk, næring og ressurs og med fleirtalstilrådinga i formannskapet den 11.juni, slik ny prioriteringsliste datert ... syner.
2. Budsjetthandsaminga kvart år avgjer kor mange av dei prioriterte tiltak som let seg gjennomføre kvart år.
3. Tiltaka som Ål kommune skal gjennomføre åleine er føreset gjennomført i den rekkjefølgje dei er prioriterte i planframlegget.
4. Kommunestyret ber skular og barnehagar følgje opp planens informasjonstiltak årleg.
5. Planen skal reviderast i 2010.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 32/07
Arkivsaksnr: 07/642
Arkivkode: S01

Sakshandsamar: Geir Tretterud

Saksnummer	Utval	Møtedato
6/07	Styret for Ål kraftverk	30.04.2007
59/07	Formannskapet	21.05.2007
32/07	Kommunestyret	20.06.2007

REKNSKAP OG ÅRSMELDING ÅL KRAFTVERK KF 2006

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Rekneskap, årsmelding, revisorberetning, styret si årsmelding

Dokument i saka:

Rekneskap, årsmelding, revisorberetning

Saksopplysningar:

Viser til rekneskap og årsmelding

Forhold til overordna plan:

Viser til rekneskap og årsmelding

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Viser til rekneskap og årsmelding

Økonomiske konsekvensar:

Viser til rekneskap og årsmelding

Vurdering:

Dagleg leiar i Ål Kraftverk KF tilrår at framlagt rekneskap som viser eit overskot etter skatt på 34.855.359 kroner blir vedtatt.

Dagleg leiar i Ål Kraftverk KF tilrår at overskotet blir disponert slik:

Avsetning til Avskrivingsfond: 190.178 kroner

Avsetning til aksjefond: 1.576.752 kroner

Overført til eigar Ål kommune: 33.088.429 kroner

Dagleg leiar foreslår at styret i Ål Kraftverk KF vedtek det framlagte forslaget til Styrets årsmelding.

Dagleg leiar i Ål Kraftverk tilrår slikt vedtak:

Ål kommunestyre godkjenner årsmelding og rekneskap 2006 for Ål Kraftverk KF med eit overskot på 34.855.359 kroner.

190.178 kr blir avsett til avskrivingsfond.

1.576.752 blir avsett til aksjefond.

Resten av overskotet 33.088.429 kroner blir overført til Ål kommune som utbytte.

500.000 kroner blir avsett til ENØK-fondet og resten 32.588.429 blir avsett til utbyggingsfondet.

Styret for Ål kraftverk, 20.04.2007

Torleif T. Dalseide
styreleiar

Geir Tretterud
dagleg leiar

Styret for Ål kraftverk handsama saka den 30.04.2007, saksnr. 6/07

Handsaming:

Dagleg leiar si innstilling vart samrøystes tilrådd.

Styret i Ål Kraftverk si innstilling:

Ål kommunestyre godkjenner årsmelding og rekneskap 2006 for Ål Kraftverk KF med eit overskot på 34.855.359 kroner.

190.178 kr blir avsett til avskrivingsfond.

1.576.752 blir avsett til aksjefond.

Resten av overskotet 33.088.429 kroner blir overført til Ål kommune som utbytte.

500.000 kroner blir avsett til ENØK-fondet og resten 32.588.429 blir avsett til utbyggingsfondet.

Formannskapet handsama saka den 21.05.2007, saksnr. 59/07

Handsaming:

Styre for Ål kraftverk si innstilling vart samrøystes tilrådd

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 33/07

Arkivsaksnr: 07/645

Arkivkode: S09

Sakshandsamar: Geir Tretterud

Saksnummer	Utval	Møtedato
7/07	Styret for Ål kraftverk	30.04.2007
60/07	Formannskapet	21.05.2007
33/07	Kommunestyret	20.06.2007

REVIDERT BUDSJETT 2007 - ÅL KRAFTVERK

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Revidert budsjett

Dokument i saka:

Revidert budsjett

Saksopplysningar:

Bakgrunnen for at det trengs eit revidert budsjett for Ål Kraftverk KF for 2007 er at kraftprisen har vorte mykje lågare enn føresett i opprinneleg budsjett. Inntektene for 2007 kjem derfor til å bli lågare. I opprinneleg budsjett er det føresett at gjennomsnittleg spotpris for 2007 blir 30 øre/kWh. I det reviderte budsjettet som vert lagt fram her er det føresett 21 øre/kWh. Det er inngått ein opsjon etter at budsjettet vart laga som gjer at konseskvensane av den lågare prisen blir 600.000 kroner mindre enn om me ikkje hadde kjøpt opsjonen. Likevel er driftsinntektene om lag 8 millionar kroner lågare enn i opprinneleg budsjett.

I tillegg vil reparasjonen av aggregat 3 bli belasta 2007, men på den andre sida vil me truleg også få utbetalt forsikringspengar for skada i løpet av 2007. Det er lagt inn ein kostnad på 500.000 kroner i løpet av 2007, i tillegg til dei 202.000 kronene som er brukt i løpet av 2006.

På inntektssida er forsikringsutbetalinga auka med 800.000 kroner på posten ymse inntekter. Den fordeler seg på 300.000 i avbruddsforsikring, og 500.000 kroner i utbetaling frå ordinær forsikring. Det er med andre ord budsjettert med ein eigenandel på 200.000 kroner.

I tillegg til dette er me komne såpass langt ut i året at ein veit betre korleis straumkjøpskostnader, som er nærare 75 % av totale kostnader i bedrifta, blir. Kostnadene er redusert med 2 millionar kroner for dette som det går fram av revidert budsjett.

Det ser ut til å bli mykje produksjon i Usta og Nes kraftverk i 2007, og me får om lag 4 GWh meir derfrå i det reviderte budsjettet enn det opprinnelege

Renteinntektene er auka med 500.000 kroner..

Forhold til overordna plan:

Kan få konsekvensar for økonomiplan.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen direkte.

Økonomiske konsekvensar:

I det reviderte budsjettet er overskotet etter skatt redusert frå 36,4 millionar kroner til 32,3 millionar kroner. Dette kan få konsekvensar for den økonomiske fridomen til kommuna til å gjere investeringar.

Vurdering:

Med 21 øre/kWh som gjennomsnittspris burde det reviderte budsjettet gje eit meir realistisk bilete av den økonomiske situasjonen for 2007.

Dagleg leiar i Ål Kraftverk KF tilrår Styret i Ål Kraftverk KF og formannskapet om å tilrå kommunestyret om å gjere fylgjande vedtak:

Ål kommunestyre vedtek det framlagte reviderte budsjettet for Ål Kraftverk KF for 2007 som viser eit overskot etter skatt på 31.895.900 kroner.

Dagleg leiar si innstilling:

Dagleg leiar i Ål Kraftverk KF tilrår Styret i Ål Kraftverk KF og formannskapet om å tilrå kommunestyret om å gjere fylgjande vedtak:

Ål kommunestyre vedtek det framlagte reviderte budsjettet for Ål Kraftverk KF for 2007 som viser eit overskot etter skatt på 31.895.900 kroner.

Styret for Ål kraftverk, 20.04.2007

Torleif T. Dalseide
Styreformann

Geir Tretterud
Dagleg leiar

Styret for Ål kraftverk handsama saka den 30.04.2007, saksnr. 7/07

Handsaming:

Innstillinga frå dagleg leiar vart samrøystes tilrådd med den endring at overskot etter skatt vert satt til 32.300.000 kroner.

Styret i Ål Kraftverk si innstilling:

Styret i Ål Kraftverk KF tilrår formannskapet om å tilrå kommunestyret om å gjere fylgjande vedtak:

Ål kommunestyre vedtek det framlagte reviderte budsjettet for Ål Kraftverk KF for 2007 som viser eit overskot etter skatt på 32.300.000 kroner.

Formannskapet handsama saka den 21.05.2007, saksnr. 60/07

Handsaming:

Samrøystes tilrådd som innstillinga frå styret for Ål kraftverk.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 34/07
Arkivsaksnr: 07/736
Arkivkode: 026

Sakshandsamar: Sissel Skrindo

Saksnummer	Utval	Møtedato
14/07	Sektorutval for helse- og sosial	22.05.2007
34/07	Kommunestyret	20.06.2007

FELLESKJØKKEN HOL OG ÅL. ORGANISASJONSENDRING

Saka vert avgjort av:
Kommunestyret.

Vedlegg:

1. Felleskjøkkenet Hol og Ål frå 01.05.07. Utgreiing frå arbeidsgruppa (mars 2007)
2. Vedtekter for interkommunalt samarbeid om Hol og Ål felleskjøkken

Dokument i saka:

1. Advokatfirmaet Haavind Vislie. Samarbeid om drift av storkjøkken. Organisasjonsform. Datert 26.01.07
2. Høyringsuttale frå styret for felleskjøkkenet, datert 18.04.07
3. Høyringsuttale frå UT, datert 23.04.07
4. Uttale frå Fagforbundet i Hol, datert 30.04.07

Saksopplysningar:

Kommunestyret gjorde 19.06.03 slikt vedtak i sak 50/03 - Felles produksjonskjøkken:

1. *Ål kommunestyre vedtek at Ål kommune skal delta i eit felles kjøkkensamarbeid med Hol kommune og Hallingdal sjukestugu, og at produksjonskjøkkenet vert lokalisert til Høgehaug.*
2. *Ål kommunestyre forutset at tilsette på kjøkkenet ved Hallingdal sjukestugu og tilsette ved kjøkkena i Hol skal vera likestilte ved tilsettingane i det nye kjøkkenet.*

I same møtet i sak nr 51/03 - Val av selskapsform - felleskjøkken, lyder punkt 1 av i alt fire punkt i vedtaket slik:

1. *Ål kommunestyre vedtek å etablere felles kjøkken etter § 11, andre lekken i meirverdiavgiftslova. Etableringa skjer etter samdriftsmodell mellom Ål kommune, Hol kommune og Hallingdal sjukestugu (Ringerike sjukehus HF). Alle partane må delta aktivt i samdrifta ved fastlegging av planar, budsjett og retningsliner for drifta.*

Hallingdal sjukestugu tredde ut or samdrifta for felleskjøkkenet 01.05.07, jf oppseiingsfrist i samdriftsavtala. Rådmannen i Hol sette på denne bakgrunnen ned ei arbeidsgruppe som fekk som mandat å greie ut moglege organisasjonsformer for felleskjøkkenet etter 01.05.07. Arbeidsgruppa er samansett av ein representant frå kvar av kommunane Ål og Hol, samt ein representant frå felleskjøkkenet.

Utgreiinga frå arbeidsgruppa skisserer fordelar og ulemper ved dei ulike organisasjons-modellane for kjøkkendrift. Dei modellane som er vurderte i dokumentet er vertskommunemodellen, interkommunalt samarbeid (kommunelova § 27), interkommunalt selskap (IKS), aksjeselskap (AS) og outsourcing. Arbeidsgruppa har ved vurderinga av ulike organisasjonsmodellar lagt vekt på:

- økonomi
- administrasjon
- vilkår for dei tilsette

Val av organisasjonsform

Som ein del av saksbehandlinga er det henta inn juridisk vurdering i januar 2007 frå advokat-firmaet Haavind Vislie. Advokatfirmaet har gitt denne konklusjonen i saka:

Med bakgrunn i konklusjonen foran, kan vi ikke tilrå at vertskommunemodellen velges for dette samarbeidet. Men et samarbeide i form av et interkommunalt selskap organisert etter lov om interkommunale selskaper eller som et interkommunalt samarbeide etter kommuneloven § 27, som eget rettssubjekt, vil være organisasjonsformer som ikke fører til at anskaffelser må følge regelverket om offentlige anskaffelser. Det er i utgangspunktet nokså stor forskjell på interkommunale selskaper etter nevnte lov og et samarbeide i form av et felles styre etter kommunelovens § 27. I det interkommunale selskapet er det lovregulert hvilket økonomisk og organisatorisk ansvar deltakerne har, saksbehandling i styre og representantskap osv. I et samarbeide etter § 27 er det i stor grad opp til deltakerne å bestemme hvor detaljert de skal regulere virksomheten. Dersom virksomheten skal være av et visst omfang, kan slik manglende regulering skape usikkerhet om hvilke ramme som gjelder. Dersom det er bare to kommuner som skal samarbeide om kjøkkendriften, vil vi anta at det vil være tilstrekkelig å etablere samarbeidet etter kommunelovens § 27. Dersom flere skal delta, kan det bli behov for en mer gjennomført regulering, og lov om interkommunale selskaper vil dekke et slikt behov. Her må kommunene selv avgjøre hva de synes er mest hensiktsmessig.

På bakgrunn av denne juridiske tilrådinga vurderer administrasjonen interkommunalt samarbeid i form av eige styre og som eige rettssubjekt etter kommunelova § 27 som den mest føremålstenlege organiseringa av felleskjøkkenet frå 01.05.07. Det er òg utarbeidd forslag til vedtekter for det interkommunale samarbeidet (sjå vedlegg 2).

Arbeidsrettslege forhold

Etablering av felleskjøkkenet som eit interkommunalt selskap (eige rettssubjekt) kan bli vurdert som ei overdraging av verksemda, og er regulert av arbeidsmiljølova av 17.06.05. Når det gjeld overdraging av verksemd, gjeld arbeidsmiljølova kapittel 16, § 16-2; ”tidligere arbeidsgiveres rettigheter som følge av arbeidsavtale eller arbeidsforhold som foreligger på det tidspunkt overdragelse finner sted, overføres til den nye arbeidsgiveren.” Ny arbeidsgivar blir bunden av tariffavtale som tidlegare arbeidsgivar var bunden av. Dette gjeld ikkje dersom ny arbeidsgivar seinast innan tre veker etter tidspunktet for overdraging melder skriftleg frå til fagforeiningane at ny arbeidsgivar ikkje ønskjer å bli bunden. Arbeidstakar sin rett til vidare opptening av alders-, etterlatte- og uførepensjon i samsvar med kollektiv tenestepensjon, blir overført til ny arbeidsgivar etter nemnde reglar. Etter arbeidsmiljølova § 16-3 kan arbeidstakar motsetje seg at arbeidsforholdet blir overført til

ny arbeidsgivar (reservasjonsrett). Dette må skje skriftleg og innan ein bestemt tidsfrist, jf arbeidsmiljølova § 16-3.

I vårt konkrete tilfelle viser administrasjonen til forslag til vedtekter for interkommunalt samarbeid om Hol og Ål felleskjøkken (vedlegg 2), pkt. 4: *"Hol kommune påtek seg arbeidsgivaransvaret for dei tilsette, men slik at deltakarane saman dekkjer alle kostnader med tilsette som driftskostnader i verksemda, jf pkt 8 i vedtektene."*

Dette inneber at Hol kommune er arbeidsgivar, og dei tilsette er difor formelt tilsette i kommunen, men vil ha arbeidsstad i felleskjøkkenet.

Meirverdiavgift

Som rapporten viser vil det ikkje for nokon alternativ bli ei endeleg avgiftsbelastning på kommunen. Dette fordi mva i det heile tatt ikkje skal bli utrekna fordi det ikkje finn stad omsetning (eigenproduksjon), eller fordi eventuell mva som blir kravd av kommunen vil vera grunnlag for kompensasjon.

Regelverket for meirverdiavgift bør difor ikkje påvirke val av organisasjonsmodell.

Uttaler

Rådmannen har sendt rapporten frå arbeidsgruppa på høyring til styret for felleskjøkkenet og til organisasjonane ved UT. Uttale frå styret, UT og Fagforbundet i Hol ligg som dokument i saka.

Styret:

"Styret for Felleskjøkkenet slutter seg til arbeidsgruppas tilråding under forutsetning av at de ansattes rettigheter ivaretas. Fagforbundets representant i styret gir egen høringsuttale. Når det gjelder navneendring, mener vi dette kan lyses ut som intern konkurranse i begge kommuner."

Organisasjonane i Ål ved UT:

"UT støttar arbeidsgruppa sitt syn på at interkommunalt samarbeid (etter kommunelova § 27) om felleskjøkken for Hol og Ål er den beste løysinga for dei tilsette, og at dette er ei løysing som vil vera teneleg også ut ifrå andre vurderingar knytt til økonomi og administrasjon. Dei tilsette må vera representert i styret saman med representantar for kommunane."

Fagforbundet i Hol:

"Vertskommuneløsningen, hvor den ene kommunen kjøper tjenester fra den andre, faller ifølge H.P. Graver i Tidsskrift for Rettsvitenskap 2005 s. 153 flg. utenfor anskaffelsesreglene, både norske og EF-rettslige. Forutsetningen er at enerettskravet er oppfylt. Eneretten kan tildeles ved kommunalt vedtak. Hvis eneretten kun nyttes til å dekke befolkningen i kommunenes behov og ikke konkurrerer i markedet vil ikke konkurransereglene være brutt."

Graver nevner avfallshåndtering som et praktisk eksempel. På denne bakgrunn tror jeg arbeidsgruppas konklusjon mht. vertskommunløsningen blir feil. Det ser heller ikke ut at arbeidsgruppa har fått med seg av vi har fått lovbestemmelser i kommuneloven om vertskommuneløsninger i §§ 28 a flg, i kraft 01.01.2007. Når det gjelder moms er det en fordel å slippe momsregning selv om det økonomisk ikke blir noen forskjell mellom løsningene med eget rettssubjekt eller ei."

Økonomiske konsekvensar:

Driftsbudsjett for Felleskjøkkenet i 2007 er på kr 5.951.000,-. Der har ein allereie innarbeida mindreinntektene som følgjer av at Hallingdal sjukestugu gjekk ut av samarbeidet pr 01.05.07. Dette betyr at Ål og Hol ikkje får meirutgifter i 2007 fordi om Hallingdal sjukestugu har gått ut av

samarbeidet. Når det gjeld meirutgifter for 2008 ønskjer felleskjøkkenet å vurdere erfaringar med drift og budsjett i 2007. Dessutan er dette vanskeleg å vite på førehand så lenge ein ikkje veit om ein evt får med nye samarbeidspartar i drift av kjøkkenet.

Vurdering:

Når det gjeld val av modell for felleskjøkkenet ligg det føre delvis motstridande juridiske vurderingar frå forbundsadvokaten til Fagforbundet og advokatfirmaet Haavind Vislie. Haavind Vislie skriv at tildeling av einerett til ein ”vertskommune” frå andre kommunar etter deira vurdering ikkje kan skje etter anskaffelsesforskrifta 1-3, 2. ledd, bokstav h), fordi dette vil vera i strid med krav i EØS-avtala om konkurranse. Rådmannen meiner ut frå dette at det er stor risiko for at vertskommunen ikkje kan bli tildelt einerett for levering av kjøkkentjenester til ein annan kommune. Val av vertskommunemodellen vil difor kunne øydeleggje grunnlaget for ei felles drift av kjøkkenet mellom kommunane Hol og Ål.

Iflg juridisk vurdering frå Haavind Vislie som er innarbeidd i utgreiing frå arbeidsgruppa, vil rådmannen tilrå at kommunestyret vedtek eit interkommunalt samarbeid med eit eige styre og som eit eige rettssubjekt etter kommunelova § 27. I tillegg foreslår rådmannen at dei vedlagte vedtektene for det interkommunale samarbeidet blir godkjent. Det er ønskeleg at rådmannen får delegert mynde til å utpeike Ål kommune sin representant i styret.

Ein søker det interkommunale samarbeidet registrert i avgiftsmantallet i samsvar med lov om meirverdiavgift § 11, 2. ledd, samstundes som ein søker om at samarbeidet blir registrert med eit organisasjonsnummer i Enhetsregisteret. Dessutan vil rådmannen foreslå at kommunestyret tek atterhald om at Hol kommunestyre gjer eit tilsvarande vedtak om samarbeid for felleskjøkkenet.

Rådmannen si innstilling:

1. Ål kommunestyre vedtek at felleskjøkkenet for Hol og Ål blir etablert som eit interkommunalt samarbeid med eit eige styre og som eit eige rettssubjekt etter kommunelova § 27.
2. Ål kommunestyre godkjenner vedtektene for interkommunalt samarbeid om Hol og Ål felleskjøkken (vedlegg 2). Kommunestyret delegerer til rådmannen mynde til å peike ut Ål kommune sin representant i styret.
3. Ål kommune søker det interkommunale samarbeidet registrert i avgiftsmantallet i samsvar med lov om meirverdiavgift § 11, 2. ledd, og søker samarbeidet registrert med eit eige organisasjonsnummer i Enhetsregisteret.
4. Ål kommunestyre tek atterhald om at Hol kommunestyre gjer eit tilsvarande vedtak om samarbeid for felleskjøkkenet.

Helse- og sosialsektoren, 07.05.2007

Trond Kleppen
rådmann

Sissel Skrindo

Sektorutval for helse- og sosial handsama saka den 22.05.2007, saksnr. 14/07

Handsaming:

Rådmannen si innstilling vart samrøystes tilrådd.

Framlegg:

1. Ål kommunestyre vedtek at felleskjøkkenet for Hol og Ål blir etablert som eit interkommunalt samarbeid med eit eige styre og som eit eige rettssubjekt etter kommunelova § 27.
2. Ål kommunestyre godkjenner vedtektene for interkommunalt samarbeid om Hol og Ål felleskjøkken (vedlegg 2). Kommunestyret delegerer til rådmannen mynde til å peike ut Ål kommune sin representant i styret.
3. Ål kommune søker det interkommunale samarbeidet registrert i avgiftsmantallet i samsvar med lov om meirverdiavgift § 11, 2. ledd, og søker samarbeidet registrert med eit eige organisasjonsnummer i Enhetsregisteret.
4. Ål kommunestyre tek atterhald om at Hol kommunestyre gjer eit tilsvarande vedtak om samarbeid for felleskjøkkenet.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 35/07

Arkivsaksnr: 07/801

Arkivkode: 223 U01

Sakshandsamar: Reidun Aaker

Saksnummer	Utval	Møtedato
69/07	Formannskapet	11.06.2007
35/07	Kommunestyret	20.06.2007

STØTTE TIL ETABLERING AV SMÅDYRKLINIKK - VETERINÆRVAKTA I ØVRE HALLINGDAL A/S

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Søknad om tilskot frå næringsfondet med 3 vedlegg:

- Kostnadsoverslag/budsjett
- Finansieringsplan
- Driftsbudsjett – 3 års perspektiv
- Tilbod på kjøp av næringsareal

Dokument i saka:**Saksopplysningar:**

Veterinærvakta i Øvre Hallingdal AS søker om kr. 400 000 i tilskot til kjøp og etablering av smådyrklinikk i Ål Sentrum.

Veterinærvakta i Øvre Hallingdal AS er eigd av Hedvig Johanne Rud, Anne Kari Kind og Nils Bekkestad. Alle 3 har like store aksjepostar i selskapet.

Alle 3 er dyrlegar som dekkjer den landbruksrelaterte dyrlegepraksisen i Øvre Hallingdal. Det er berre jobb for 3 dyrlegar i deler av året, men det er likevel naudsynt å ha 3 dyrlegar for å ha ein tilfredsstillande døgnkontinuerlig vaktberedskap. Verksemda har difor avgjort å starte smådyrklinikk som eit supplement til den landbruksrelaterte dyrlegepraksisen for å trygge dei 3 arbeidsplassane i Ål.

Lokala dei leiger i dag avgrensar drifta og dei treng nye lokalar for å realisera ideen om ein smådyrsklinikk.

Kostnadsoverslaget er på kr. 1 860 416 fordelt på klinikkestyr, driftsmateriell, marknadsføring og kjøp av forretningslokale. Veterinærvakta i Øvre Hallingdal AS søker om ca 21,5 % av dette kostnadsoverslaget.

Kjøp og etablering vil bli finansiert med egenkapital, lånekapital og med tilskot frå Ål kommune.

For meir informasjon, så vedlegg i saka.

Forhold til overordna plan:

Jfr. revidert Strategisk næringsplan (Snp) kan tilskot gjevast til bedriftsutvikling innanfor alle næringer:

- Planlegging og etablering av ny verksemd/knoppskyting
- Produkt- og idéutvikling
- Marknadsføring/marknadsanalyse (ny marknad eller nytt produkt)
- Opplæring/kompetanseheving i samband med utviklingstiltak
- Fellestiltak og samdrift

Tiltaka som Veterinærvakta i Øvre Hallingdal AS planlegg er i tråd med i SNP. For utan å sikre dei arbeidsplassane som er i bedrifta i dag, har Veterinærvakta i Øvre Hallingdal AS ein viktig samfunnyttig rolle i og med at dei er med i den døgnkontinuerlige beredskapen. Søknaden skal difor prioriterast høgt. Kostnadsgrunnlaget for tiltaket er over grensa som er satt til 8 x G (ca kr. 503.000).

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen.

Økonomiske konsekvensar:

Eit tilskot vil redusera næringsfondet tilsvarande.

Vurdering:

Rådmannen tykkjer det er svært positivt Veterinærvakta i Øvre Hallingdal AS ynskjer å satse vidare og utvikle verksemda si i Ål.

Tiltaket er i tråd med måla for SNP. Ein smådyrklinikk vil vere med og sikre dei 3 arbeidsplassane og dermed sikre døgnberedskapen som landbruksnæringa i Ål er avhengig av. I tillegg vil ein smådyrsklinikk i sentrum vera med på å skape ein meir robust næringsstruktur i Ål.

I kostnadsoverslaget på kr. 1 860 416 ligg det inne kr. 43 058 i innkjøp av det som vert regna som lett omsettelege produksjonsmidlar. Denne summen vert difor trekt frå då Ål kommune vanlegvis ikkje reknar med slike investeringar i tilskotsgrunnlaget.

I samsvar med tidlegare praksis i liknande saker, er rådmannen positiv til søknaden frå Veterinærvakta i Øvre Hallingdal AS og vil tilrå ei løyving på kr. 365 000.

Rådmannen si innstilling:

Ål kommunestyre løyver inntil 20 % av totalkostnaden minus innkjøp av lettomsattelege produksjonsmidlar, avgrensa til kr. 365 000 til Veterinærvakta i Øvre Hallingdal AS til kjøp og etablering av smådyrklinikk i Ål sentrum. Tilskotet blir løyvd frå konto nr. 1.47--.4000.3252.903 Næringsfond 2007 og utbetalt i samsvar med vedtekne retningslinjer.

Utviklingsavdelinga, 01.06.2007

Trond Kleppen
Rådmann

Reidun Aaker
Leiar Utviklingsavdelinga

Formannskapet handsama saka den 11.06.2007, saksnr. 69/07

Handsaming:

Rådmannen si innstilling vart samrøystes tilrådd

Formannskapet si innstilling:

Ål kommunestyre løyver inntil 20 % av totalkostnaden minus innkjøp av lettomsattelege produksjonsmidlar, avgrensa til kr. 365 000 til Veterinærvakta i Øvre Hallingdal AS til kjøp og etablering av smådyrklinikk i Ål sentrum. Tilskotet blir løyvd frå konto nr. 1.47--.4000.3252.903 Næringsfond 2007 og utbetalt i samsvar med vedtekne retningslinjer.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 36/07
Arkivsaksnr: 07/902
Arkivkode: S01
Ofl §6

Sakshandsamar: Geir Tretterud

Saksnummer	Utval	Møtedato
76/07	Formannskapet	11.06.2007
36/07	Kommunestyret	20.06.2007

EIGARSKAP HALLINGKRAFT 2007

Sakspapir er U.off. §6,4

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 37/07
Arkivsaksnr: 07/950
Arkivkode: 061

Sakshandsamar: Kirsten Sollien

Saksnummer	Utval	Møtedato
37/07	Kommunestyret	20.06.2007

MELDINGAR OG ORIENTERINGSSAKER TIL KOMMUNESTYRET 20.06.07

Saka vert avgjort av:
Kommunestyret

Vedlegg:

1. Møteprotokoll frå formannskapet 21.05.07
2. Møteprotokoll frå formannskapet 11.06.07
3. Møteprotokoll frå sektorutval for oppvekst 22.05.07
4. Møteprotokoll frå sektorutval for helse og sosial 22.05.07
5. Møteprotokoll frå sektorutval for teknisk, næring og ressurs 22.05.07
6. Møteprotokoll frå klagenemnd for kommunestyret 24.05.07
7. Møteprotokoll frå regionrådet for Hallingdal 25.05.07

Rådmannen si innstilling:
Ingen.

Administrasjon- og fellestenester, 12.06.2007

Trond Kleppen
rådmann